

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	07.04.2022
Vår referanse	2022/42562-2
Dykkar referanse	22/2065 - 22/21911
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 84 bnr. 4 - Kvalvågneset - Alver kommune

Vi viser til Dykkar brev av 16.03.2022 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Kvalvågneset i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med landbruksvegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Hogst

Seksjon for kulturarv ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at vi også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Varselet skal innehalde følgjande informasjon:

- Gnr – Bnr – kommune
- Kart over hogstområdet og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar m.m.
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift